

Protokoll- Årsmøte i Sunnfjord idrettsråd

Hafstadparken, FIL-huset 28.04.2025, kl. 18:00.

Velkomen v/leiar Jan Herstad i Sunnfjord idrettsråd.

Nils R. Sandal, leiar i VM 2025 as og leiar i Vestland idrettskrets, innleia årsmøtet med introduksjon av VM Førde 2025 i Vektløfting. Arrangementet betyr mykje for idretten og regionen, og gir oss viktig arrangementskompetanse med tanke på framtidige arrangement.

Stian Grimseth, dagleg leiar i VM 2025, orienterte vidare om VM 2025 og status på arbeidet. Tom Farsund, arrangementskomiteen VM 2025, orienterte kring ambisjonsnivå frivillige/dugnad.

1. Godkjenne dei frammøtte representantane

Desse møte:

Sunnfjord idrettsråd:

Jan Herstad, Arthur Norevik, Ole Morten Vassdal, Sissel Sande, Siss-May Edvardsen

Valnemnda:

Kontrollutvalet:

Oddvar Huseklepp

John Hjelkrem

Idrettslag:

Arne Helgheim (Førde IL), Lars Vegsund (Førde IL), Inge Holsen (Gaular IL), Aart Goossens (Gaular IL)

Gjester:

Vestland idrettskrets: Nils R. Sandal

Sunnfjord kommune: Anne-Grete Nøttingnes Rognsøy

VM Førde 2025: Stian Grimseth, Tom Farsund

Johan Kjerstad, dirigent

Det møtte 9 representantar med røysterett.

Framlegg: Dei frammøtte representantane vert godkjent.

Vedtak: Dei frammøtte representantane godkjent samrøystes.

2. Val av dirigent, referent, og to representantar til å underskrive protokollen

Framlegg:

Dirigent: Johan Kjerstad

Referent: Siss-May Edvardsen

To til å skrive under protokollen: Inge Holsen (Gaular IL), Lars Vegsund (Førde IL)

Vedtak: Framlegg vedteke samrøystes.

3. Godkjenne innkalling, sakliste og forretningsorden

Kunngjering om årsmøte vart sendt ut på e-post 3.april 2025. Sakliste, årsmelding, budsjett og rekneskap vart sendt ut 16.04.2025.

Framlegg: Innkalling, sakliste og forretningsorden vert godkjent.

Vedtak: Innkalling, sakliste og forretningsorden godkjent samrøystes.

4. Fordeling av LAM-midler og driftsmidler frå kommunen

Idrettsrådet har i 2024 motteke kulturmidlar/driftsmidler frå kommunen til idrettslaga tilsvarende 615 000 kroner. Minstesats er 500 kroner, fordelt med 1/3 etter medlemstal 6-12år og 2/3 etter medlemstal 13-19år. Av dette 15 000 kroner til idrettsrådet.

Ordinære LAM-midler er fordelt med 2 237 240 kroner. Av dette 15 000 kroner til idrettsrådet. Ekstramidlar var på 202 913 kroner. Ekstramidlar haust 303 703 kroner. Fordelinga er gjort etter medlemsregisteret i Sportsadmin. Totalt er det fordelt ut til idrettslaga 3 328 856 kroner. Minstebeløpet er 1000 kroner, 1/3 etter medlemstal 6-12 år og 2/3 etter medlemstal 13-19 år. Det er nytta forenkla matematisk modell.

Framlegg: Fordeling av LAM-midler og tilskotsmidlar vert godkjent.

Vedtak: Samrøystes vedteke.

5. LAM-midler til Sunnfjord idrettsråd

Frå 2024 har NIF opna opp for at inntil 5% av LAM-midlane kan avsetjast til drift av idrettsrådet under føresetnad av at kommunen yter tilsvarende i tilskot.

Framlegg: Sunnfjord idrettsråd foreslår at det frå 2024 blir sett av inntil 5% av dei ordinære LAM-midlane til drift av idrettsrådet, avgrensa til same beløp som kommunen yter i tilskot.

Vedtak: Samrøystes vedteke.

6. Handsame årsmeldinga

Leiar gjekk gjennom årsmeldinga.

Framlegg: Årsmeldinga vert godkjent slik ho ligg føre.

Vedtak: Samrøystes vedteke.

7. Handsame idrettsrådets regnskap i revidert stand

Inntekter på 30 113 kroner og utgifter på 19 621,60 kroner gjev eit overskot på 10 491,40 kroner. Eigenkapital 84 973,77 kroner.

Sjå vedlegg 1 revidert rekneskap 2024.

Framlegg: Rekneskap i revidert stand vert godkjent.

Vedtak: Samrøystes vedteke.

8. Handsame framlegg til arbeidsprogram. Drøfte og prioritere planer for anleggsutbygging og aktivitetsutvikling

Det vert vist til avsnitt i årsmeldinga om oppgåver framover. Sunnfjord Idrettsråd arbeider i tråd med framlagt plan.

Oversikt over eigarskap knytt til dei ulike anlegga i Sunnfjord kommune ligg i anleggsregisteret. Det kan i tillegg vere private avtalar som er gjort som kommunen arbeider med å få oversikt over med tanke på framtidig drift og vedlikehald.

Det bør etablerast ein strategi for strategiske viktige anlegg.

Det kjem nye miljøkrav knytt til kunstgrasbanar. Kommunen har arbeidd med innspel til langsiktig økonomiplan knytt til utskifting av kunstgrasbanar med granulat.

Framlegg: Arbeidsprogram vert godkjent.

Alternativt framlegg: Sunnfjord Idrettsråd arbeider i tråd med framlagt plan. Arbeidsprogram vert godkjent.

Vedtak alternativt framlegg: Samrøystes vedteke.

9. Handsame innkomne forslag og saker

Ingen innkomne saker og forslag.

10. Vedta budsjett

Sjå vedlegg 2 for budsjett for 2025.04.27

Framlegg: Budsjett vert godkjent slik det ligg føre.

Vedtak: Samrøystes vedteke.

11. Val

Valnemnda har vore leia av Tor Starheim som hadde levert skriftleg innstilling. Denne vart lagt fram av møteleiar Johan Kjerstad.

Årsmøte Sunnfjord Idrettsråd 28.04.2025:

Sak 11 - Innstilling frå valnemnda

Idrettsrådet:

Leiar:	Jan Herstad (Naustdal)	Attval 1 år
Nestleiar:	Arthur Norevik (Førde)	Attval 2 år
Medlem:	Sissel Karin Holme Sande (Førde)	Attval 2 år
Medlem:	Bjørn Anders Steinsund (Jølster)	Attval 2 år
Medlem:	Berit Tefre (Førde)	Ikkje på val
Medlem:	Siss-May Edvardsen (Naustdal)	Ikkje på val
Medlem:	Ole Morten Vassdal (Gaular)	Ikkje på val
Vara:	Hilde Lauritsen (Førde)	Attval 2 år
Vara:	Agnar Bøyum (Jølster)	Ikkje på val

Kontrollutval:

Leiar:	Oddvar Huseklepp (Førde)	Attval 2 år
Medlem:	Svein Inge Midtun (Gaular)	Ikkje på val
Medlem:	John Hjelkrem (Førde)	NY 2 år (tidl. vara)

Kommentar: Medlem Anne Olin Gullaksen var på val, men er sidan valet i 2023 flytta til Oslo. Ho er ikkje spurt om attval, men ville mest truleg takka nei. Konferert med leiar Jan Herstad, og samde om å presentere ei innstilling utan varaperson til kontrollutvalet.

Representantar til idrettskrinsting:

Styret får fullmakt til å velje representantar

Valnemnd:

Valkomitéen ber idrettsrådet innstille nye kandidatar til valnemnd frå hhv. Førde, Gaular og Jølster til årsmøtet 2026 sidan 4 medlemmar har takka nei til attval. Valnemnda har blant utforda Førde IL, men har ikkje fått nokon som vil påta seg dette. Jan Magne Åsnes (Naustdal) er den einaste i valnemnda som ikkje er på val til årsmøtet 2025. Avtroppande leiar for valnemnda, ber også idrettsrådet vurdere om valnemnda bør reduserast frå noverande 5 medlemmar + 1 vara.

Medlem:	Jan Magne Åsnes (Naustdal)	Ikkje på val
---------	----------------------------	--------------

Må erstattast:

Leiar:	Tor Starheim (Førde)	Nei til attval
Medlem:	Anne Linn Stølen (Førde)	Nei til attval
Medlem:	John Søgner (Gaular)	Nei til attval
Medlem:	Siv Mari Sunde (Jølster)	Nei til attval

Må eventuelt avklarast:

Vara:	Kristin Bruland (Friskis & Svettis)	På val, men ikkje spurt
-------	-------------------------------------	-------------------------

For Valnemnda:

Tor Starheim (s)
Førde 27.04.2025


Det vart ikkje fremja andre forslag i årsmøtet. Det vart ikkje kravd skriftleg val. Leiar og nestleiar av Sunnfjord idrettsråd, og leiar av kontrollutvalet vart valde i eigne val. Dei andre medlemmane vart valde samla under kvar overskrift.

Styret fekk fullmakt til å velje representantar til idrettskretsting.


Når det kjem til valnemnd er det uheldig at ein kjem i denne situasjonen at så mange ikkje tek attval samstundes. Dette må takast omsyn til ved etablering av valnemnd at ein vel kandidatar for 1 og 2 år for å få til ei god rullering og kontinuitet i arbeidet. Kontrollutvalet og leiar tek ein gjennomgang av vedtektene om ein må avhalde ekstraordinært årsmøte knytt til etablering av ny valnemnd. Alle idrettslag knytt til Sunnfjord idrettsråd kan stille kandidatar til valnemnda. Frist for tilbakemelding frå idrettslaga til å sende inn kandidatar til valnemnda vert sett til 1.september.

Vedtak: Alle val samrøystes.

Førde, 3. mai 2025



Lars Vegsund



Inge Holsen

Vedlegg 1

Balanse for Sunnfjord Idrettsråd

		2024	2023
	Eiendeler		
1920	Bank	84973,77	75082,37
	Eiendeler	84973,77	75082,37
	Egenkapital og gjeld		
2050	Annen EK	85573,77	75082,37
2400	levgj til gode	-600	
	Egenkapital og gjeld	84973,77	75082,37

Resultatregnskap 2024 for Sunnfjord Idrettsråd

		2024	2023
	Sals og driftsinntekt		
3460	Tilskot	30000	15000
	Driftsinntekter	30000	15000
	Driftskostnader		
6860	Møtekostnader	19594,6	7023
7770	Bankgebyr	27	6
	Driftskostnader	19621,6	7029
8051	Renteinntekter	113	74
	Årsresultat	10491,4	8045

Førle, 14/4-25

Regnskap kontrollert og i orden

Kontrollkomiteen

Olav Huseklepp

Jon Huseklepp

Vedlegg 2

Budsjett for Sunnfjord Idrettsråd – 2025.

Inntekter	30 120,00
Renteinntekter 2025	120,00
Tilskudd, Driftsmidler, Sunnfjord kommune	15 000,00
Lam	15 000,00
Utgifter	25 120,00
Deltakelse på møter og samlinger	20 000,00
Kostnader, årsmøte, abonnement etc	5 000,00
Gebyr, Bank	120,00
Resultat	5 000,00

Naustdal 16.04.25

Jan Herstad